



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Harald Haugsvær, 5764 3071

## Landbruksoppgåver i kommunane 2025 - forvaltning av statlege tilskotsordningar, forventningar og fullmakter

Statsforvaltaren i Vestland vil med dette orientere kommunane i Vestland om det ansvaret kommunen har for forvaltning av statlege tilskotsmidlar og økonomiske rammer for tilskotsordningane.

Brevet omhandlar også kommunen sitt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer og fastsetting av overordna retningslinjer for tilskot til skogbrukstiltak.

Vedlagt følger:

- Brev om ansvaret kommunane har for forvaltning av statlege tilskotsmidlar med lenker til aktuell informasjon
- Tabell med økonomiske rammer for tilskotsordningane per kommune

### Dette brevet omhandlar:

	side
Kommunalt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer .....	2
Fagleg hjelp frå Statsforvaltaren .....	2
Rettleiande satsar for eigeninnsats.....	2
Rapportering undervegs og omfordeling av midlar .....	3
1. Skogbruksoppgåver i kommunen.....	3
Overordna retningsliner for tilskot til skogbrukstiltak.....	4
Tilskot til skogkultur.....	4
Tilskot til skogsvegar.....	4
Tilskot til taubane .....	5
2. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – prioriteringar for 2025 .....	5



3. Drenering .....	6
4. Tilskot til tiltak i beiteområde .....	6
Lokal retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde .....	6
Beitebruksplanar .....	7
5. Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap .....	7
6. Forvaltning av regelverket for fast eiendom .....	8
7. Landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling .....	9
8. Veterinære tenester .....	9
9. Tidlegpensjon for jordbrukarar .....	9
10. Tilskot ved produksjonssvikt – klimabetinga skade på avlingar .....	9
11. Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel .....	10
12. Arbeid med vasskvalitet og vassrammedirektivet .....	10
13. Forskrift for godkjenning av landbruksvegar, dyrking og planering .....	10
14. Jordvern .....	11

### **Kommunalt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer**

Kommunen har eit stort lokalt handlingsrom i forvaltning av SMIL-midlar, Tilskot til tiltak i beiteområde og NMSK. Dette krev at kommunen har eigne retningslinjer eller strategidokument. Vi forventar at alle kommunane har fått på plass eigne retningslinjer for desse ordningane, og at dei vert revidert med jamne mellomrom.

Dei kommunale retningslinjene skal ta omsyn til lokale forhold, og ved utarbeidinga bør det vere ein god prosess med innspel frå næringa og Statsforvaltaren. Det kan med fordel vere ein felles prosess med felles retningslinjer for alle tre ordningane. Retningslinjene bør utformast slik at kommunen kan nytte dei som grunnlag for sine prioriteringar i sakshandsaminga, og slik at tildelingane kan kontrollerast. Vi viser også til vår rettleiing til kommunane for utarbeiding av overordna retningslinjer som ligg ute på vår nettside under [For kommunane - landbruk](#). Vi ber om å få tilsendt nye retningslinjer når dei er reviderte.

### **Fagleg hjelp frå Statsforvaltaren**

På nettsida til Statsforvaltaren finn [de oversikt over fagpersonar](#) på forvaltning av ulike fagområde. Sjølv om det er gode skriftlege rettleiingar kan det vere trong for å drøfte ulike spørsmål. Vi oppmodar kommunen om å ta kontakt med oss både for å sikre rett handsaming, og for å få mest mogleg lik handsaming av like saker mellom kommunane. Våre rettleiande råd vil vere generelle, vi kan ikkje gje konkrete råd i konkrete enkeltsaker, det er kommunen sitt ansvar som første instans.

### **Rettleiande satsar for eigeninnsats**

Vi har samrådd oss med Innovasjon Norge og rår til at kommunen nyttar desse satsane når de godkjenner kostnadsoverslag for eige arbeid som grunnlag for tilskot i ulike ordningar:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time



## Rapportering underveis og omfordeling av midlar

Vi kjem i 2025 til å følgje med på forbruket underveis i året. Det er ei klar forventning om at midlane skal kome i aktiv drift så snart som det er fagleg forsvarleg. Det kan vere aktuelt med omfordeling mellom kommunar gjennom året dersom vi ser at midlane ikkje vert brukte i enkelte kommunar, medan andre har for lite midlar.

Vi har som tidlegare ei årsrapportering per 1. november for desse ordningane:

- SMIL
- Drenering
- Utvalde kulturlandskap i jordbruket
- Tiltak i beiteområde
- Skogkultur
- Skogsvegar

I samband med at vi ber Landbruksdirektoratet om ny årsramme treng vi informasjon om forbruk i 2025 og trong for midlar i 2025. Her treng vi informasjon om:

- Løyving per 1.11 i fagsystemet
- Løyving som vil bli gjort før 15.12 i fagsystemet
- Restmidlar 2025 som kan omfordelast til andre kommunar
- Trong for midlar i 2026

Statsforvaltaren vil sende ut nærare informasjon om rapporteringa i god tid i forkant av fristen.

## 1. Skogbruksoppgåver i kommunen

Kommunen er skogbruksstyresmakt etter skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter, og har ei rekke oppgåver på skogområdet. Føremålet med skogbrukslova er å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. I saker som gjeld bygging av skogsveg etter landbruksvegforskrifta oppmodar vi om at søknadene vert sendt på høyring også til naturvern- og friluftstorganisasjonane.

Her nemner vi nokre av oppgåvene:

- Vere pådrivar og jobbe aktivt for næringsutvikling i skogbruket ved å motivere og følgje opp skogkulturtiltak så vel som bygging av skogsvegar, bruk av skogfond, lokal vidareforedling, nabosamarbeid, og andre emne som bidreg til verdiskaping i skogbruket.
- Forvalte tilskot til nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK), som omfattar tilskot til skogkultur, skjøtsel og kvalitetstiltak, miljøtilskot samt tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terreng. Statsforvaltaren fordeler ei årleg tilskotsramme til kommunane.
- Kommunane må fortløpande kartleggje behovet for nye skogsvegar og ombygging av gamle vegar. Dei skal vere initiativtakar til skogsvegsamarbeid og informere skogeigarane om lønsemda i å byggje felles veganlegg samt dei gunstige finansieringsordningane (tilskot og skogfond).
- Kommunen får tildelt ei tilskotsramme tilpassa det behovet dei melder inn i november året før. Frå og med i år skal kommunane nytte «vegbanken i ØKS» som budsjetterings-verktøy for søknader som ikkje får løyving etter årets rammetildeling. Vi ber samtidig kommunane om å rydde opp i og **avslutte** gamle vegsøknader i ØKS. Rapportane «[08. Åpne veiprosjekt](#)» og «[09. Veiprosjekt med utgått arbeidsfrist](#)» i ØKS er gode hjelpemiddel for slik opprydding.



- Vi held att midlar til tilskot til drift i vanskeleg terreng hjå oss og fordeler dei etter behov. I prinsippet er det fri ramme inntil midlane er brukt opp.
- Kontrollere forynging av skogen etter hogst (NMSK-kontroll, foryngingskontroll og resultatkartlegging). Dette er den viktigaste miljøoppgåva i skogbruket både med tanke på skogen si rolle med å binde karbon og som framtidig skogressurs.
- Kommunane må legge vekt på å synleggjere skogen sitt verdiskapingspotensiale mellom anna ved å ta initiativ til og delta på skogdagar og andre fagarrangement, både retta mot skogeigarar og ålmenta.
- Forvalte og informere om skogfond. Gje løpende råd til ein skilde skogeigarar med bakgrunn i innestående beløp, udekkede investeringar og hogstaktivitet. Aktiv bruk av skogfond gjev økonomisk utteljing for skogeigarane.
- Kontrollere at tiltak i skogen er i samsvar med regelverket, og bidra til å overvake tilstanden i skogen.
- Bidra med kunnskap om skogen i forhold til andre samfunnsinteresser og oppgåver, skogen si rolle i klimapolitikken, skogen si rolle som vern mot naturskade og skogen sin verdi for friluftsliv, viltforvaltning m.m.
- Kommunen vert oppmoda om å lage ein oversikt med dei mest verdfulle skogbruksområda i kommunen (kjerneområde skogbruk). Sjå [døme](#) på Fylkesatlas! Karta er laga med utgangspunkt i dei kommunale tiltaksplanane for skogbruk. Slik er det mogleg å synleggjere skogen si samfunnsrolle (næring, i plansamheng og arealbruksspørsmål, klima, naturskade, friluftsliv, viltforvaltning).
- Vi oppmodar også kommunane til å gå gjennom og oppdatere hovudplanane for skogsvegar

### Overordna retningslinjer for tilskot til skogbrukstiltak

Det skal lagast overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal lagast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Ut over dette gjeld forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

### Tilskot til skogkultur

Vi har same nivå på tildeling av skogkultur i år som i fjor. I fjor gjekk nærare 80 % av midlane til nyplanting, resten fordelt på suppleringsplanting, markriving og ungskogpleie. Det er eit møte med næringsaktørane 04.02.2025 som vil gje innblikk i planlagt aktivitet i 2025. Tilgangen på planter vil vere styrande for aktiviteten. Suppleringsplanting har i år eit sentralt tilskot på 30 %, men det er sett eit tak på inntil 75 planter per dekar. Vi tek kontakt med kommunane for å sette saman koder i ØKS til dette føremålet.

### Tilskot til skogsvegar

Vi har lite midlar også i år og vi har berre delvis klart å oppfylle kommunane sine ønskje. Vi ber kommunane om å redusere tilskotssatsen til 50 % tilskot til skogsbilvegar der det kan hoggast mykje, og stimulere skogeigarane til å nytte skogfond til å dekkje eigendelen. Vegar der det er relativt lite hogstmoden skog bør ikkje byggast før det er nok hogstmoden skog til at eit fleirtal av skogeigarane sin eigendel kan dekkast med skogfond.

Vi brukar ein del av midlane til overordna vegplanlegging og alle skogeigarar samt kommunane skal kunne tinge kostnadsfri transportplanlegging (områdeplanlegging) av Asle Lyslo (991 52 801), Guri Tyssebotn (976 82 629) eller Fanagro (908 90 325). Det betyr at kommunane *ikkje* skal løyve pengar



til overordna vegplanlegging. Detaljprosjektering (stikking) skal finansierast av tiltakshavarane på kvart enkelt veganlegg og er ein del av tilskotsgrunnlaget for det enkelte veganlegg.

I år ønskjer vi at kommunane saman med vegplanleggarane går gjennom hovudplanane for skogsvegar og oppdaterer dei, mellom anna der det er bygd vegar og der det er utarbeidd detaljerte områdeplanar.

Midlar som ikkje er sett til ansvar av kommunane innan 1. juli 2025 vert trekte inn og fordelte til andre kommunar.

Frå og med budsjetteringa for neste år fell reknearket for skogsvegar bort, og vi går over til å nytte vegbanken i ØKS. Vegar som er på skissestadiet, der det ikkje er kome inn søknad, skal leggest inn i vegbanken. Vi satsar på å halde eit webinar om bruk av vegbanken i andre halvår.

### Tilskot til taubane

Statsforvaltaren fordeler taubanetilskot til kommunane etter kvart som behovet oppstår. I samråd med dei andre «taubanefylka», norsk taubanelag og skogeigarorganisasjonane har vi kome fram til *ein felles rettleiande (og variabel) tilskotssats* til taubanedrifter. Tildeling av tilskot føreset at [taubanekalkulatoren](#) vert nytta til fastsetting av driftspris (og eventuelt justert av skogeigar og tømmerkjøpar) og at det ikkje vert gjeve tilskot til skog som ikkje er hogstmoden (sjå tabellen under). Merk at vi også oppdaterer rettleiinga vår for overordna retningsliner i kommunane med dei nye satsane og meir utførlege føresegner. På grunn av den aukande tømmerprisen og røynslar frå 2024 har vi justert litt på den rettleiande tilskotssatsen:

1. Alle taubanedrifter får minimum 60 kr/m<sup>3</sup>
2. Utover det vert tilskotssatsen rekna ut etter den rettlinja funksjonen
$$f(x) = -0,6 \times \text{rotnetto} + 200$$
eller tilskot per m<sup>3</sup> =  $-0,6 \times (\text{tømmerverdi-driftskostnad}) + 200$
3. Maksimalt tilskot er kr 300 per m<sup>3</sup>

Tilskot kan også reknast ut i [dette reknearket](#). Merk at satsen er rettleiande og at det er opp til kommunane sjølve å fastsetje tilskotssats. Hugs likevel at vi har svært avgrensa midlar.

Nedre alderskrav (total hushadsalder) for å få taubanetilskot:

Bonitet H40	26	23	20	17	14	11
Nedre aldersgrense	55	60	70	80	90	100

Med høge tømmerprisar kan det vere freistande for skogeigar med gravedrift istadenfor taubanedrift, ofte med resultat at det vert ståande att skog øvst i feltet. Vi ber kommunane tenke på dette og vere restriktive når de godkjenner gravedrifter, ver samtidig merksam på at dei aller fleste gravedrifter treng søknad og godkjenning etter landbruksvegforskrifta.

## 2. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – prioriteringar for 2025

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal medverke til å ivareta kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga frå landbruket. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har peika på at det i Vestland er stor overvekt på kulturlandskapstiltak i fordelinga mellom ulike miljøtema i SMIL. LMD ønskjer difor at ein større del av tilskotsramma skal nyttast til forureiningstiltak. I fleire vassførekomstar er det behov for tiltak for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksdrifta. Vi oppmodar kommunen til å ta tak i desse utfordringane av omsyn til vasskvalitet,



klimatilpassing og ressursbevaring. Der behova er store bør kommunane prioritere klimatilpassing, herunder hydrotekniske tiltak.

Vi minner om at tilskot til tak over eksisterande gjødsellager er gode miljøtiltak som medverkar til redusert ammoniakkutslepp til luft. Som tilleggseffekt vil slike tiltak auke lagerkapasiteten slik at husdyrgjødsel kan bli spreidd til rett tid i vekstsesongen, og medverke til redusert fare for avrenning til vatn.

I neste revisjon av dei kommunale overordna retningslinjene vil vi oppmode kommunar som ikkje allereie har gjort dette om å ta inn desse tiltaksgruppene som prioriterte tiltak. Vi ønskjer òg at kommunane gjer søkjarane særskilt merksame på at dei kan søkje om tilskot til slike tiltak. Vi minner samstundes om vår [nettsak](#) på dette temaet.

Vi ber òg kommunane om å vektlegge tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur.

### 3. Drenering

Satsane for drenering vart auka frå juli 2023 til kr 2000 per dekar. Dette auka interessa for ordninga. Klimaendringane med mykje nedbør og korte periodar med lagleg ver gjer drenering svært viktig. Mange kommunar fekk for lite midlar i 2024 og har då saker liggande i påventa av ny løyving i 2025. I år er ramma til Vestland auka, og kommunar som treng meir midlar kan fortløpande ta kontakt med Statsforvaltaren for ekstra tildeling.

### 4. Tilskot til tiltak i beiteområde

Det er fleire tilskotsordningar som skal fremme beiting og bruk av utmarka: støtte per beitedyr gjennom produksjonstilskot, driftstilskot til beitelaga gjennom organisert beitebruk (RMP) og investeringsstøtte til tiltak i beiteområde.

For beitelag som beiter i CWD-området er det ei eiga ordning med midlar for ekstraordinære tiltak knytt til soneforskrifta. Denne gjeld for Nordfjella og Hardangervidda, og midlane vert forvalta av Statsforvaltaren i Oslo og Viken i samarbeid med oss.

I tillegg har Statsforvaltaren midlar for tiltak i beiteområde som har konflikt med freda rovvilt (FKT-midlar). Det er viktig at kommunen bidreg aktiv med kunnskap i område med freda rovvilt og at kommunen også vurderer bruk av interkommunale jaktlag som etter løyve kan ta på seg felling. For beitelag som har tap til freda rovvilt kan det vere aktuelt å [søke om FKT-midlar](#), til dømes til elektronisk sporingsutstyr. Søknadsfristen er 15. februar.

#### Lokal retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde

I rundskrivet frå Landbruksdirektoratet står det at kommunane skal fastsetje lokale retningslinjer, og at ein gjerne kan sjå desse i samanheng med retningslinjene for SMIL.

Det er viktig å få lyst ut midlane i god tid før beitesesongen, og vi rår til å bruke søknadsfrist 1. mars. Beitelaga bør få svar på søknaden før 1. juni slik at tiltaka kjem til nytte i årets beitesesong. Frå 2020 har driftstilskotet gjennom RMP til beitelaga auka, og beitelaga kan difor sjølv ta ansvar for mindre tiltak. Vi rår til at kommunen prioriterer kostnader med utarbeiding av beitebruksplan, faste installasjonar eller teknologi knytt til beitebruk. Mindre tiltak og lett omsettelege varer bør ikkje støttast. Hugs å be om naudsynte vedlegg til søknaden slik som kart og aktuelle avtalar.

Døme på aktuelle tiltak er:



- Beitebruksplan
- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingsutstyr

Kommunane får mange søknader om tilskot til elektronisk overvakingsutstyr. Tidlegare har nokre kommunar sett ei grense på tal bjøller til 50 % av sauene. Då dei fleste beitelaga har tatt i bruk elektronisk overvakning er det ikkje lenger naturleg med ei slik avgrensing. Søknader frå lokalt beitelag og frå Vestland Bjøllelag BA er jamstilte når bjøllene skal brukast på sau som beiter i kommunen.

### **Beitebruksplanar**

Ein beitebruksplan er ein systematisert presentasjon av beiteareala i kommunen. Den skal dokumentera omfang og verdi av noverande bruk, vise til historisk bruk, og estimat for framtidig bruk. Det er eit politisk vedteke plandokument for å styrke beitenæringa sine interesser i den langsiktige planlegginga i kommunen. Den skal påvise juridiske problemstillingar, interesser og konflikhtar for området, og foreslå tiltak som kan gjerast på kort og lang sikt. Husdyr og beiting er også viktig får å ha eit ope og tilgjengeleg landskap i utmarka.

Vi ynskjer at fleire kommunar lagar beitebruksplanar for å sikre fortsatt beiting. Dette kan med fordel gjerast i samarbeid mellom kommunen, beitenæringa og Nibio. I Vestland har Nibio utført vegetasjonskartlegging i nokre referanseområde, og det kan kartleggast nye område som grunnlag for ein beitebruksplan.

## **5. Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap**

Dei aktuelle kommunane får tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren til forvaltning av UKL-områda (sjå vedlegg). Ved tildelinga har vi lagt vekt på dialog med kommunane i samband med årsrapporteringa, og vurderingar av følgjande moment:

- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i områda
- arealet på områda, omfanget av tiltak og tal eigarar/driverar
- variasjonar i behova frå år til år
- omsynet til føreseieleg økonomi og kontinuitet
- planar i områda
- innmeldte behov frå dei aktuelle kommunane

Vi vil følgje med på forbruket av midlar i kommunane gjennom året for å sikre at forvaltninga av midlane fremjar aktivitet. I dialog med kommunane kan vi, i løpet av året, omfordele udisponerte midlar mellom kommunane.

Tildelinga i 2025 til Landbrukets verdsarvordning over jordbruksavtalen er på totalt 9,5 mill. kroner, der 3 millionar er sett av til Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden. Vi ventar i tillegg at det i supplerande tildelingsbrev, som kjem seinare i år, vert sett av midlar frå Klima- og miljødepartementet til ordninga.



## Føringar for sakshandsaming og prioriteringar i 2025

UKL-arbeidet i kommunane må drivast fram av gode og inkluderande prosessar, der det er god samhandling med gardbrukarane og dei frivillige i UKL-området. Vi minner om at kvart UKL-område over tid må balansere dei tre deltema som ordninga omfattar: sikre naturmiljøverdiar, kulturmiljøverdiar og framleis jordbruksdrift, inkludert næringsutvikling basert på desse verdiane. Vi minner om felles UKL-samling 3.-4. juni 2025 i Lærdal.

### Frå Landbruksdirektoratet:

Dei minner om at sakshandsamar skal registrere i Agros kva for tiltaksgrupper som passar best for det omsøkte tiltaket. Saksbehandlar kan velje inntil 5 ulike tiltaksgrupper dersom tiltaket har fleire ulike formål. Landbruksdirektoratet veit det kan være krevjande å finne ei slik fordeling på grunnlag av skjønn, men det er nødvendig og viktig for å vise kva midlane vert brukt til.

Tiltak som skal registrerast under biologisk mangfald er dei som bidreg til:

- bedra status for trua artar på Norsk rødliste
- restaurering og skjøtsel av trua eller utvald naturtype
- nedkjemping av framande skadelege artar
- tilrettelegging for pollinerande insekt

Registrer så godt som råd og ver forsiktig med å registrere tiltaket som «annet». I

[Eksempelsamlingen](#) hos Landbruksdirektoratet finne de døme på tiltak under ulike miljøtema.

### Informasjonsarbeid:

Forvaltningsplanar/Skjøtelsesplanar bør vere oppdaterte, og vi oppmodar om å legge ut gjeldande planar og retningslinjer på nettstaden til kommunen.

Statsforvaltaren i Vestland har laga ein samleside for Utvalde kulturlandskap i Vestland, på denne nettsida: [Kulturlandskap - UKL - Verdsarv | Statsforvaltaren i Vestland](#). Gå gjennom denne og sjekk om lenkene er riktige, eventuelt send oss riktige lenker, og syt for å ha ei god informasjonsside om UKL på kommunen sin nettstad.

## 6. Forvaltnings av regelverket for fast eigedom

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonslova. Det gjeld til dømes saker om deling av landbrukseigedom, omdisponering av dyrka jord, driveplikt, konsesjon for kjøp av fast eigedom, buplikt m.m. Dette er saker som ofte er innom politiske handsaming i kommunen, avhengig av kommunen sitt delegeringsreglementet. Vi minner om at det frå 07.07.2023 er Statsforvaltaren som har mynde til å avgjere søknader om konsesjon frå aksjeselskap etter konsesjonslova. Søknaden skal framleis setjast fram for kommunane. På våre nettsider ligg det [ei rettleiing](#) som utdjupar korleis kommunane skal utgreie saka.

Kravet om [driveplikt](#) for jordbruksareal gjeld for alle som eig ein landbrukseigedom, og dette gjeld for heile eigartida. Dersom andre skal drive eigedommen er eigar ansvarleg for å få på plass ein skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunen skal ha kopi av avtalen og kontrollere at den oppfyller krava i lova. I 2025 vil vi arbeide vidare med å gje kommunane lister over areal som truleg er ute av drift. Vi tilbyr fagleg hjelp på dette fagområdet og forventar at kommunane set av ressursar til oppfølging.

Arvelova § 99 a set ein frist for å overføre landbrukseigedom frå dødsbu til ny eigar. Fristen er tre år rekna frå då tidlegare eigar døydde eller reglane tok til å gjelde. Reglane tok til å gjelde 1. januar





2022. Mange eigedomar låg i dødsbu før regelendringa kom. For desse eigedomane gjekk fristen ut 1. januar 2025.

Viss eigedomen ikkje blir overført til ny eigar med tinglyst heimel innan fristen, kan kommunen krevje tvangssal av eigedomen. Arvingane kan søkje om lenging av fristen. Det er kommunane som etter lova har mynde til å følge opp og gjere vedtak i første instans. Statsforvaltaren er klageinstans. På Landbruksdirektoratet sine nettsider ligg det utdjupande rettleiingar om korleis reglane skal praktiserast. Der er det og ein del brevmalar.

## 7. Landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling

Det er store variasjonar i kommunane sine ambisjonar på landbruksområdet. Dette er m.a. avhengig av kommunen sine eigne politiske ambisjonar og vedtak. Kommunen avgjer i stor grad sjølv kor aktive dei vil vere, men det er eit minstekrav at kommunen handsamar søknader og spørsmål innan næringsutvikling. Vi viser her [til forskrift for kommunens saksbehandling av søknader til Innovasjon Norge](#).

Kommunen sin innsats kan utgjere ein stor skilnad lokalt. Vi oppmodar kommunen om å ta initiativ til samhandling lokalt t.d. gjennom årlege møte med fagлага, opne fagmøte eller at det vert søkt om prosjektmidlar frå [fylkeskommunen](#). Utdringar både innan landbruk, landbruksrelaterte næringar og klima krev samhandling, og her har kommunen eit ansvar. Statsforvaltaren er open for å kunne medverke på slike møte eller initiativ.

## 8. Veterinære tenester

Kommunen skal i følge dyrehelsepersonellova sørge for tilfredsstillande tilgang på veterinære tenester, inkludert veterinær vakt utanom vanleg arbeidstid. Dette er ei ordning der vakt distrikta (vanlegvis fleire kommunar) får eit årleg tilskot til vakt utanom arbeidstid og eit mindre administrasjonstilskot for å organisere dette. Dette vert betalt ut til vertskommunen.

I tillegg kan kommunar søkje om stimuleringstilskot som skal medverke til stabil tilgang på veterinærtjenester på dagtid, innanfor ordinær arbeidstid. Nokre kommunar nyttar også eigne midlar inn i dei veterinære tenestene. Det må påreknast ein viss administrasjon for å sikre desse tenestene. Frå 2021 vart det innført ei prøveordning for stimuleringstilskotet til kommunar, der dei kunne stille krav til vakt deltaking for at veterinærane kunne motta stimuleringstilskot. Denne ordninga er no permanent.

Frist for å søkje om midlar er 28. februar. De skal samstundes rapportere om bruken av midlar førre år. Detaljar om ordninga er sendt i eige brev til kommunane. De finn meir om dette [på nettsida vår](#).

## 9. Tidlegpensjon for jordbrukarar

Ordning med [tidlegpensjon for jordbrukarar](#) gjeld for jordbrukarar som har fylt 62 år. Søknaden skal sendast direkte til Statsforvaltaren som fattar avgjerd. Kommunen bør ha kunnskap om ordninga slik at de kan gje informasjon til aktuelle søkjarar.

## 10. Tilskot ved produksjonssvikt – klimabetinga skade på avlingar

Kommunen mottok søknadene om [Tilskot ved produksjonssvikt på grunn av klimatiske årsaker](#), kontrollerer opplysningane og sender sakene vidare til Statsforvaltaren for avgjerd. Dette er ei oppgåve som varierer mykje frå år til år, men det er viktig at kommunen har nok kapasitet til å handsame denne ordninga når det oppstår klimabetinga skade.



## 11. Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel

For å kunne bruke plantevernmiddel og gnagarmiddel må brukar ha gjennomført kurs med bestått eksamen. Det er eitt kurs for kvar ordning med kvar sin eksamen. Her er det ei ansvarsdeling mellom kommunen, Statsforvaltaren og eksterne kurshaldarar (NLR og VGS Naturbruk). Dei som får autorisasjon skal registrerast av kommunen i ein nasjonal base og får utskrive bevis frå Mattilsynet. Arbeidsmengda med dette varierer frå år til år alt etter kor mange som må ha nytt bevis.

Nokre kommunar vert kontakta for å halde eksamen. Kommunar som held eksamen kan få godtgjort kr 68 per deltakar på planteverneksamen og kr 78 per deltakar på gnagarmiddeleksamen. Kommunen må sjølv sende rekning for dette til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. desember.

Meir informasjon:

- [Instruks til kommune og statsforvalter om utøvelse av delegert myndighet etter plantevernmiddeforskriften](#)
- [Dokument for kommunen](#)
- [Info på nettsida vår](#)

## 12. Arbeid med vasskvalitet og vassrammedirektivet

Arbeidet med vasskvalitet er delt mellom kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Kommunen er lokal ureiningsstyresmakt, og på landbruksområdet skal kommunen sjekke om regelverket for til dømes silopressaft og husdyrgjødsel vert etterlevd. I arbeidet med oppfølging av vassrammedirektivet må dette arbeidet utvidast til også å sjå på belastninga frå andre ureiningskjelder, til dømes punktutslipp av hushaldningskloakk i spreiddbygde område. For å sikre god vasskvalitet, rår vi til at kommunen ikkje lagar lokale forskrifter med generell utsett spreiefrikt for husdyrgjødsel.

Mange stader er det trong for auka innsats mot forureining frå jordbruk for å nå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekomstar. I område der tiltaka ikkje har vore tilstrekkeleg, må kommunen innføre meir forplikande krav. De finn meir informasjon om arbeidet med vasskvalitet i [vassforvaltingsplanar i Vestland vassregion](#).

## 13. Forskrift for godkjenning av landbruksvegar, dyrking og planering

Det finst eigne forskrifter med heimel i jordlova og skogbrukslova for bygging av landbruksvegar (oftast skogsvegar), for nydyrking og for bakkeplanering (forureiningslova). Det viktigaste omsynet i desse forskriftene er å vege landbruksinteressene mot andre viktige samfunnsinteresser, til dømes natur, kulturlandskap og forureining. Det er også krav om at tiltaket skal gjennomførast på ein landbruksfagleg god måte. Til desse avvegingane trengst det landbruksfagleg og skogfagleg kunnskap. Vi viser til ordninga med fylkesdekkande skogsvegplanleggarar som skal vere tilgjengelege for alle.

Statsforvaltaren skal ha høve til å uttale seg i saker som gjeld bilvegar og kommunen skal sende desse på høyring til oss. Også traktorvegar kan sendast på høyring til oss dersom kommunen ynskjer fråsegn frå oss før dei fattar vedtak. Vi har ei eiga [temaside](#) om handsaming av landbruksvegar.

Bruk av overskotsmassar kan vere positivt både for vegbygging og forbetring av jordbruksareal. Kommunen så vel som tiltakshavar må følgje opp bruk av overskotsmassar tett både med løyve i forkant og kontroll undervegs. Nytteverdien av tiltaket for landbruket må vurderast både på kort og lang sikt. Tiltaket skal ikkje vere meir omfattande enn det som er nyttig for landbruket. Det må vere



ein plan for kva kvalitet og mengder massar som skal nyttast, og kor lenge tiltaket skal halde på. Det bør vere tydelege avgrensingar i areal, volum, høgder og tid. Bruk av massar til bakkeplanering skal ikkje vere større massemtak. Arbeidet bør primært bli gjennomført i tørre periodar for å unngå unødvendig erosjon.

For jordbruksareal må det vere ein plan for korleis tiltakshavar skal byggje arealet for å sikre at resultatet vert eit godt jordbruksareal. For landbruksvegar bør kommunen vurdere kor store fyllingar, velte- og snuplassar som er nødvendig, og vegane skal ikkje lagast større enn det er behov for.

Det kan vere svært fordelaktig å byggje skogsvegar av sprengt fjell som er overskotsmasse frå andre byggeprosjekt. Slik kan mykje (og kostbar) grøftesprenging verte unngått og vegane får god drenering og sterkt berelag. Slike vegar vil ligge «høgt» i terrenget, men dei skal likevel ikkje liggje høgare enn om vegen vart bygd på same måte av masser frå lokalt massetak. Over myr skal det så langt det let seg gjere likevel brukast duk og geonett med tilstrekkeleg (inntil 50 cm) tjukt berelag av knust fjell oppå.

For skogsvegar er det også ofte aktuelt med «jordpåslag» av mindreverdige masser og avdekkingsjord på fyllingar og skråningar og dette kan vere eit motiv for at vegen vert bygd med store berelagsfyllingar. Ver observant på at jord kan innehalde frø frå svartelista artar som det er forbod mot å spreie.

Det er særskilt viktig at kommunen set grenser for kor mykje masse som kan brukast, slik at heller ikkje massepåslaget ber preg av å vere deponi. 0,5 – 1 m<sup>3</sup> per kvadratmeter fylling bør vere meir enn tilstrekkeleg. Det må gå klart fram kvar massane kjem frå, slik at ein unngår at tiltaka endar opp som avfallsanlegg som tek imot massar frå fleire ulike aktørar over lang tid. Om tiltaket skal ta imot massar utanfrå, må kommunen på førehand godkjenne kvar ein kan ta imot massar frå og i kva mengder og kvalitetar. Komplette køyrelister med mengde og skildring av kva som er køyrd, også av kva som vert køyrd til godkjend deponi må kunne leggest fram. Då vert behovet for mottakskontroll og kompetanse hjå mottakar noko enklare og kommunen har betre kontroll med at det ikkje vert brukt forureina massar eller massar med framande skadelege artar i tiltak i landbruket.

I saker om nydyrking skal Statsforvaltaren ha høve til å uttale seg i saker som rører ved vesentlege natur- eller kulturverdiar.

Du finn meir informasjon på desse lenkene:

- [Landbruksvegar](#)
- [Nydyrking](#)
- [Bakkeplanering](#)

## 14. Jordvern

Matjord er ein ikkje fornybar ressurs og eit økosystem som leverer mange viktige tenester i tillegg til å vere eit substrat for matproduksjon. Berekraftsmåla forpliktar oss til å ta vare på grunnlaget for matproduksjon i Noreg. Det er kommunane som forvaltar jordbruksarealet i Noreg og som dermed har ansvar for å sikre at framtidige generasjonar har tilgang til nok areal med matjord.

FNs klimapanel har definert berekraftig forvaltning av landareal slik: «Bærekraftig arealforvaltning betyr forvaltning og bruk av arealressurser, inkludert jord, vann, dyr og planter, for å imøtekomme skiftende menneskelige behov, samtidig som man sikrer det langsiktige produktive potensialet til disse ressursene og opprettholder deres miljøfunksjoner (IPCC, 2019a).



Stortinget har vedteke mål om at det maksimalt skal omdisponerast 2000 dekar totalt i Noreg per år. Omrekna til Vestland fylke vil dette seie at det maksimalt kan omdisponerast 182 dekar per år ved «kvote» etter dekar jordbruksareal, eller 234 dekar per år ved «kvote» etter folketal. Dette viser at alle instansar må vere svært medvitne på om jordbruksareal vil gå tapt i planlagt arbeid og kva alternativ som finns for å unngå tap av jordbruksareal. Bygging av bustader og fritidsbustader er det som fører til størst tap av jordbruksareal, og det kan kommunane unngå gjennom god planlegging. Kommunane sitt arbeid med plansaker og enkeltsaker etter jordlova er svært viktig. Arealbruken skal regulerast gjennom dei kommunale planane. Dispensasjonar skal kun nyttast i heilt særskilte høve og skal ikkje undergrave plangrunnlaget eller hensikta bak vedtak i plan. Ein kan heller ikkje vike frå vesentlege planforutsetningar.

For å forvalte jordressursane rett, trengs det god kunnskap om dei jordressursane som finst i kommunen; til dømes jordtype, jorddjupne, klimatiske soner, jordhelse, kva som har blitt bygd ned dei siste åra, kva som er planlagt nedbygd og kva alternative areal og løysingar som finst for utbygging m.m. Jordbruksareal som er små, innklemte eller som er lite nytta i dag, kan likevel ha stor verdi for samfunnet i eit utvida og lengre perspektiv.

Kommunen har fleire verkemiddel for å ta vare på jordressursane:

- Registrere kjerneområde landbruk
- Etablere omsynssoener
- Utarbeide temaplanar og strategiar
- Lage temakart
- Fastsette planbestemmelser
- Lage retningslinjer til plan
- Setje kommunalt jordvernmål

Jordflytting er ikkje eit verkemiddel i arealpolitikken, men ei naudløysing i dei tilfella der det ikkje er alternativ til utbygging.

Det er viktig at kommunen bruker sine eigne fagfolk på landbruk i samband med kommunale arealplanar. Kommunen skal rapportere det årlege omfanget av omdisponering via KOSTRA. Hjelpeskjema til bruk i løpande saksbehandling er sendt ut til alle kommunar. Å bruke dette gjer rapporteringa enklare og sikrar god kvalitet på rapporteringa.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Fullmakter ved forvaltning av statlege tilskot på landbruksområdet 2025
- 2 Fagmidlar landbruk 2025

Kopi til:

Landbruksdirektoratet

Postboks 56

7701

STEINKJER